Førsteblad

1 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Valle

Emne: Brynet Bygdelag: Setesdal

Oppskr. av: Jon Løyland Gard: Løyland

(adresse): Grendi-Setesdal G.nr. 26 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja – og etter fråsegner

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det heiter vanleg „eit bryne". var det av tre, vart det kalla „ei brynestikke" Hein var namn på eit sers slag bryne. Det var finare i grjotet som dei andre bryni.

2. No gjeng ein meir over til kunstige bryne, mest karborondombryne. Naturlege bryne finst ikkje i bygdi, ikkje i heile Setesdal sovidt eg veit. Dei brukte fyrr anten „Eidsborg" bryne eller av „håranheddor" Dei siste kom frå Hardanger. Det var mykje so at folk som reiste austover til Telemark – kaupte med seg „eidsborg-bryne" og kunde tena ein grand på å selja desse att. Men bryni var tunge å bera med seg.

3. No vert alle reidskaper fyrst slipte på rund slipestein. ~~fyrst~~ fyrr dei vert bryn-te. men med dei skarpe karborondom-bryni, kan ein no bryna ut skykke både i ljå og øksar ein har steinhogge med

4. Ingen no minnest då dei brukte tynsle ljå. men det gjeng segner om det. Frå Bykle hev eg høyrt at dei hermer etter ein mann som sa: „Då stei(n)biten kom, minka graset på Byklebøen".

290

„Steibiten" var namnet på slipesteinen, men det vert ikkje nytta no lenger.
Eg hev skyna det so at det var husbonden som tynnte ljårne kvar laurdag. Hev ikkje høyrt segden omtale, men truleg vart han byrjt på same måten. - I Brynes reiss ein steindom opp med å kvikka det i våt sand på ein flat stein. På denne måten forma ein dei til når brynesteinane var nye.

5. Eg hev høyrt tale om at dei slipa øksane på flat stein - truleg helst ein sandstein - men der finst ingi slike no det eg veit om.
På heiane hende det at dei tok med seg slipesteinen ut på slåtteteigen, når denne lag noko langt frå stølen.

6. På heiane der det er mykje myrslått, greier ein seg med ein ljå i ykti (3 ykter til dagen). Er det finnslått, bekkeste, eller stølar, må ein ha 2-3. i ykti.
Er det stader der det er skjemme - maursand eller det hev fløtt (vore flaum) hev det hendt me har brukt opptil 5 ljår i ykti.

7. Det hender at ein brukar 2 bryne, eitt skarpare når ljåen er vorten skjemd. Brynestikke, som dei strødde fin sand på brukte dei i gamle dagar, dei var helst av eik, eller og av ÿv. Den hadde klint ved, so sanden hengde seg fast. Brynestikka hadde greitt rundt handtak. utanfor dette var ho fire kanta og tepte av

8. I Valle er det mest berre stuttorvljå som vert brukt. Langorvljå er å sekna

290
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

for undantak. No fer sume til nytta langorvet i heimegjordet. og kanskje på stöylane på heii, men elles er det so steinut og ulendt at det höver ikkje med langorv.

For det meste kvint ein ljåen or orvet, men det hender at ein slipar han med han er bunden til orvet. I Valle held ein ljåen so eggi vender mot bringa, når ein slipar. I Hylestad held ein ljåen med eggi ut ifrå seg.

9. Ein set orvet mellom låri og held fölene i kross med ein bryner. Er ljåen skjemd bryner ein hardare på oversida av ljåen og passar på ikkje „sökja" so hardt mot eggi på undersida.

Langorvet set ein i jordi med orvleendu når ein bryner slik at det ikkje svir or hendene på ein.

10. Brynet ber ein vanleg i ein „skåpp" som er utholu av tre slik at ein kan ha der vatn som vaskar av „brynesauren" kvar gong ein bryner. Ein må vanleg gyrda han so han ikkje reivnar når han turkar. På eine sidan hengjer ein fast eit „ljålag", som ein lagar ljåen med, so eggi vender höveleg mykje mot jordflata. Tek ljåen graset for lågt, seier ein at han er „vallskjöd". Ein kan og slå so strået för högare stuv, da seier me at ein „flöjter" ljåen.

11. Uti i Bygland hev eg set skåpp laga av stutehorn. Hornet var rundt.

12. Ein hev ein krok i ryggsida på skappen. denne krokjer ein i ein skappering eine



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

hev sauma fast i sida på buksa, eller og krokjer han i livreimi om ein gjeng med ei slik. Alle ber skåppen på hogre sida.

13. Det er tidt at ein bryner turt med karborundombryne. Ingen brukar økje til å bryne.

14. Brynesaur. – Det som ligg att i troi under slipesteinen kallar ein slipegrjot. Dette brukar ein stundom sverta skorne og skosolane med.

15. Kjenner ikkje til det

16. — " —

17. Jau var bryni for harde, let dei dei liggja i jordi nokre år, Då forvitra dei og vart laussare utanpå, og sölvis skarpare.

18. Har ikkje høyrt at brynet tala

19. Kjenner ikkje til det

20 Heller ikkje noko rim, kjenner eg til.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY 290